

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Foldereid

Emne: Lauving

Bygdelag:

Oppskr. av: P. Jæger-Leirvik

Gard:

(adresse): Sjölstad

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Oppskrifta er etter pålitande heimelsmenn i bygda og eiga röynsle, -oppinneleg samla til eigne oppskrifter om bufe, foring og avdrått i Foldereid.

Lauving har aldri vore drive som fastforsanking i Foldereid, Husmenn og andre som hadde lita engforing, lauva litt dei fleste åra, og mest når det vart lita engforing, (dårleg førår) - til utjamning så dei skulle spøppe å minke buskapen. Men i gode høyår vart det ikkje lauva. Det eldste eg veit visst om korleis det var med lauvininga, er frå tida kring 1830. Litt vart det da lauva på dei fleste bruk i bygda, men det ser ikkje ut til å ha vore nokon skant om kor mykje lauv dei skulle ta eller at dei lauva for eit visst husdyrtal. Men utover 1830-åra tok lauvininga seg noko opp fordi det da (særleg i 1837, 38 og 39) var klene høyår med låg somartemperatur, mykje regn og råte høy. Det same tok seg oppatt under liknande høve kring 1850. Stort sett kan ein seie at lauvining her i bygda har vore ei tilfeldig hjelpeforing som folk greip til i klene førar for

å berge buskapane igjennom vinteren.

1) Lauvinga tok jamt over slutt først i dette hundradåret, og dei siste tjuge år har det ikkje vore lauva her i bygda. Hellerikkje under siste verdskrigen. (Folk kjøpte heller cellulose).

2) Som det gar fram av det som før er sagt, var det inga plan i lauvinga her,- det var inga "lauvonn", derfor heller inga fast lauvingstid. Dei som lauva, gjorde det litt heile somaren. Men dei åra det var "storlauving", for å böte på eit krent höyår, var det på seinsomaren at lauvinga gjekk for seg, men aldri så sein som etter Mikkjelsmess. Dei tok aldri gult lauv.

Dei tresлага som helst vart lauva var rogn, selje og osp. Older lauva dei ikkje utan at det var for knapt om annan lauvskog i nærleiken. Arbeidet kalla dei "lauving".

3) Reidskapen dei brukte til lauving var lauvkniv, sigd eller tollekniv. Til å böygje ned kvistane ovafor der lauvkniven rakk, eller når dei ikkje hadde lauvkniv, laga dei seg ein björkekrok. Men skulle det vera noko lauving som slo til, hogg dei ned trea, som etterpå var heimköyrd til ved.

Lauv av osp vart gjerne rispa, og rogn-lauv vart altid "klonga". (Ask og eik veks ikkje vilt så langt nord). Noko til å verne handa med har eg ikkje höyrd om.

4) "Kylling" er ikkje brukt her.

5) Rispa og klonga lauv samla dei under arbeidet i ei korg e.l. som dei bar med seg frå tre til tre og tömde over i ein større kopp, "börtruggji" e.l. (seinare sekk) til å transportere det heim i. Dette lauvet vart til vanleg breidd utover eit golv

og törka dør. Klonga-lauv kunne dei i trygt ver törke på eit berg eller på bakken, men samla det inn til kvelds for å vera trygge mot regn eller doggfall. - Meste lauvinga gjekk for seg som kjer-v-ing ("kjörveng"). Dei skar lauvkvistar 60-70 cm. lange, samla dei i buntar og batt buntane ihop i storleik som kronband. Til "bendlar" brukte dei to björksuler som dei stakk inni kvarandre slik at både toppendane vart ut. Når dei så hadde lagt buntane inni desse bendlane, snura dei toppendane på björksulene ihop til ein knute og stakk ytste snuraenden under bendlan. Da hadde dei eit "kjörv". Lauvkjörva törka dei på ymse vis. Helst skulle dei under tak så fort det var råd. Dei vart reist ut med veggane oppå höyet, lagt på staurlem oppunder taket, reist utover på låvegolvet og elles plassert der det var höveleg plass i uthusa. Men var det ikkje höve til straks å få lauvet i hus, og veret var trygt, vart kjerva sett opp på kvistane på dei avlauva trea. Eller dei vart reist kring trestammane, særleg under gran dersom dette var i nærleiken. Sjölvsgatt passa dei på så ikkje husdyr kom til og åt opp eller reiv sundt. Men alt dette var berre millombils törkeplassar. Lauvhesje vart ikkje brukt her, heller ikkje stöyring som korn. Lauvet skulle helst törke i skugge, og særleg vind på det lika dei ikkje. Regnblautt måtte det heller-ikkje bli. Da svortna det. Lauvstakk vart ikkje laga her i bygda.

Lauvkjörva vart tald i "trava" (20 kjer)

Samanpressing av halvtört lauv er ukjent her.

6) Heimfrakting av lauv vart gjort med hest og höy-

doning, i "svagga" eller på "höybår".- Dugnad ved lauving har her vore, men ikkje ofte, og aldri dugnad på heimföring av lauv.

7) Dei lauva først og fremst på innmarka. Eg har ikkje höyrd om anna lauving i utmark enn at dei klonga rogn der. Dette treslaget var det lite av på innmarka, og rognlauv var rekna for så godt for at dei gjérne tok det der dei fann det når det ikkje var for langt unna.

Når karar var med på lauving, var det dei som hogg ned og/eller kvista av lauvkvisten, og kvinnene batt ihop.

8) Lauv fekk både småfe og storfe. Mengda til kvart dyr vart etter som dei hadde både av lauv og anna for. Når det ikkje var årvisst bruk av lauv, kom det heller ikkje inn i faste foringsreglar.

9) Rogn-og seljelauv rekna dei som det beste.

10) Almelauv har ikkje vore brukt til gris her, men seljelauv. Det måtte forast heilt friskt om grisen skulle eta det, derfor reiv dei ~~gjérne~~ litt i forkle med det same dei skulle fore.

11-15) Samlauving er ukjent her.

B. Rakelauv til for er ukjent her. Det har vist aldri vore brukt her i bygda.
